

Søknad om igangsettingstillatelse

for tiltak etter plan- og bygningsloven (pbl) § 21-2

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser?

☐ Ja☒ Nei


Hvis ja, skal samtykke innhentes fra

Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Søknaden gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	185	35					Alver
	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Isdal 55				5916	Isdalstø	

Det søkes om igangsettingstillatelse for		
☒	Hele tiltaket	
☐	Deler av tiltaket	
Angi hvilken del av tiltaket denne søknaden gjelder		
Angi tidligere del søknader	Dato for gitt tillatelse	Kommentar
Løype til etablering av bru parkeringsplass	31.05.2023	Alver kommune, Plan og byggesak
Løype til utskifting av kulvert	06.09.2023	Statsforvalteren i Vestland
Vedtak omdisponering etter jordlova § 9	28.06.2023	Alver kommune, Landbruk

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Situasjonsplan, avkjøringsplan	D	1 – 1	☐
Tegninger	E	1 – 1	☐
Redegjørelser/kart	F	-	☒
Erklæring om ansvarsrett	G	1 – 1	☐
Gjennomføringsplan	G	1 – 1	☐
Boligspesifikasjon i matrikkelen	H	-	☒
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	1 – 3	☐
Andre vedlegg	Q	-	☐

Underskrift			
Ansvarlig søker for tiltaket			
Foretak Alversund Maskinstasjon AS			
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Ove Myking	91852501		ove@alversund-maskinstasjon.no
Dato	Underskrift		
12.09.2023			
Gjentas med blokkbokstaver Ove Myking			



Alversund Maskinstasjon AS
Ove Myking
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9592 - 23/35086

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2023

Løyve til etablering av bru parkeringsplass - gbnr 185/35 Isdal

Administrativt vedtak:	Saknr: 465/23
Tiltakshavar:	Sven Ivar Eknes
Ansvarleg søker:	Alversund Maskinstasjon AS
Søknadstype:	Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot vassdrag jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplan for Knarvik, Alversund, med Alverstraumen for etablering av parkeringsplass og oppføring av ny bru. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av parkeringsplass og ny bru på eigedom gbnr.185/35. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.01.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Det må leggjast ved godkjend løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag i tråd med uttale frå Statsforvaltaren i Vestland.
2. Dersom kantvegetasjon vert fjerna må det hentast inn løyve frå Statsforvaltaren i Vestland etter vassressurslova.
3. Dersom tiltak er avhengig av omdisponeringsløyve etter jordlova, må godkjend løyve leggjast ved. Det må leggjast ved avklaring frå landbruksavdeling av dette tilhøvet ved søknad om igangsetting.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av ny bru samt etablering av parkeringsplass. Det er vidare gjort tilpassingar slik at bustad skal bli betre sikra mot flaum frå vassdraget.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot vassdrag jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplan.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.11.2021 og supplert 13.04.2022, 10.05.2022, 25.05.2022, 23.08.2022, 30.01.2023, 01.02.2023, og 25.05.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 15.03.2022:

1. Søknad må supplerast med dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag som er sett til 20 meter i kommunedelplan for Lindås, jf. føresegn 2.6.1.
2. Vedlagt situasjonsplan må supplerast med ytre avstandsmål på tiltak. Situasjonskart må også syne nabogrenser, og avstand til desse.
3. Vedlagt teikning må utbetrast slik at dei syner lysopning til bru.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 13.04.2022. Søknad var framleis ikkje komplett. Følgjande dokumentasjon vart etterspurd ved brev av 04.07.2022:

1. Saka har vore sendt på uttale til andre mynde. Det er her kome tilbakemelding om at søknad må supplerast med fagkyndige berekningar av dimensjonerande flaumstorleik.

Sjå vedlagt uttale.

Det vart sendt inn dokumentasjon 23.08.2022. Søknad var framleis ikkje komplett. Følgjande dokumentasjon vart etterspurd ved brev av 26.10.2022:

1. Saka vart sendt på uttale til NVE. Det vart her gjeve tilbakemelding om at innsendt dokumentasjon om fagkyndig berekning av dimensjonerande flaumstorleik er tynn. Det må utarbeidast grundigare fagkyndig berekning som svarer ut informasjon som NVE etterspør.

Vedlagt følgjer siste uttale frå NVE, samt tidlegare uttale gjeve i saka. Vedlagt følgjer òg uttale frå Vestland fylkeskommune angåande kultur.

2. Syner elles til synfaring som vart halden 26.10.2022. I og med at dette er ei eiga sak, blir dette oversendt separat.

Søknad var framleis ikkje komplett. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved e-post datert 08.05.2023:

Viser til telefonsamtale og tråd nedanfor angående etterspurd søknad om dispensasjon.

Eg kan ikkje sjå at det ligg søknad om dispensasjon frå LNF inne i saka. Vidare er det som nemnt pr. telefon behov for samtykke frå naboeigedom for plassering av tiltak nærmare nabogrensa enn 4 meter, jf. Plan- og bygningslova §29-4. Samtykket må signerast, og det må gå fram at det er aksept for plassering av tiltak 0 meter frå nabogrense. Dette gjeld eigedom med gbnr. 185/4.

Dokumentasjon vart sendt inn 30.01.2023 og 01.02.2023 og 25.05.2023.
Sakshandsamingsfrist er 12 veker frå 25.05.2023.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik, Alversund, med Alverstraumen sin arealdel er definert som LNF.

Tiltak ligg i omsynssone H570 for kulturmiljø, H510 for landbruk og bandleggingsone H710.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplan, samt arealføremål LNF.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Søknad om dispensasjon Gnr. 185 Bnr. 35 Isdal

Iht. lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, delvis trådt i kraft 1. juli 2009, søkes det herved om dispensasjon fra byggegrense mot vassdrag, som i kommuneplanen for Lindås er satt til 20 meter.

Den prosjekterte avstand fra vassdrag til nærmeste rør vil bli 1,3 meter.

Det omsøkte flomsikringstiltak er for å sikre at eksisterende- og fremtidig bustad ikke blir utsatt for flom.

Dispensasjons søknad frå arealføremål LNF.

Iht. lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008, nr. 71

Søkes det herved om fritak for bebyggelse for snuplass og parkeringsplass ved Gnr. 185 Bnr. 35 i Alver kommune.

Bebyggelsen gjelder snuplass for biler og parkeringsplass på egen grunn, se vedlagt kart vist med grå skravur.

Det er ingen naboer som blir berørt av tiltaket og det berører ikke noen landbruksmark hvor tiltaket er tenkt plassert.

Uttale frå anna styresmakt

Det vert her lagt ved uttale etter siste høyringsrunde, med dokumentasjon som låg føre på dette tidspunkt. Det er henta inn slik uttale frå NVE den 30.03.2023:

NVE si fråsegn - Ny høyring av søknad om dispensasjon - Søknad om etablering av bru og parkering - Gnr. 185 bnr. 35 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 07.03.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for å etablere bru over elv, og parkering. Dispensasjonssøknaden gjeld dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag. Søknaden har vore på høyring hjå oss to gonger tidlegare, men er no noko endra.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, overvatn, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVE si fråsegn

NVE er nøgde med at de no ynskjer å utvide elvelauget for å gi meir plass til vassdraget. Vi legg til grunn at tiltaket blir handsama etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, i samsvar med tidlegare innspel frå oss, og statsforvaltaren sitt brev datert 22.03.2023.

Det er sendt med ei ny overvassvurdering/flaumberekning. NVE har ikkje kvalitetssikra denne. I vår førre fråsegn datert 30.09.2022 viste vi til store avvik i høve til flaumverdiar henta frå NEVINA, samt til NVE rettleiar 07/2016 sitt kapittel 6.5 om Mikrofelt. Dersom der er usikre på resultatane, kan de krevje uavhengig kontroll etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 14-3.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestland datert 22.03.2023:

Uttale - Alver - 185/35 - Isdal - veg og parkeringsplass - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.03.2023. Saka gjeld søknad om etablering av bru og parkering. Det er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag. Saka har vore på uttale tidlegare, og Stasforvaltaren uttalte seg i brev datert 16.05.22. Søknaden er no endra, etter synfaring og nye opplysningar.

Stasforvaltaren si vurdering av ny søknad

Stasforvaltaren meiner det er ein klar forbetring at ein no ønsker å utvide elveløpet for å gi meir plass til vassdraget. Det er også bra det skal vere opningar mellom steinane i muren. Dette vil gi skjul til ungfisk. Det er uklart om sikringa kan gje meir fart på vatnet i vassdraget. Sjølv om kommunen vel og gje dispensasjon i denne saka, må det også søkast om løyve til tiltaket etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Saka er ikkje godt nok opplyst til å gje løyve etter det regelverket.

Vi forstår det slik at tiltaket ikkje vil innebere fjerning av kantvegetasjon. Om dette likevel viser seg og vere naudsynt, må dette søkast om til Stasforvaltaren jf. § 11 i vassressurslova.

Vi viser elles til vår uttale datert 16.05.22. Etter det vi kan sjå vil tiltaket også omdisponere noko areal som er registrert som fulldyrka jord i marklagskart. Dette er i strid med føresegn om tiltak i LNF-spreidd områda. Vi viser til at det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Vi rår til at ein redusere areal for parkering, slik at det ikkje råkar dyrka mark.

Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Det er henta inn slik uttale frå Vestland fylkeskommune datert 21.03.2023:

Kulturminnefagleg fråsegn - etablering av bru og parkering - gnr. 185 bnr. 35 - etablering av ny bru - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til tidlegare dialog og synfaring 20.05.22 på staden der omsøkte tiltak er tenkt utført. I brev dagsett 23.05.22 viste vi til at vi ville ha tilsendt nytt teikningsgrunnlag som viste tenkt løysing for bru, flaumsikring i og omkring elvekanal og parkering. Vi ga ei fråsegn dagsett 26.09.2022, kor vi mellom anna kommenterte at parkeringsplass/snuareal burde reduserast, og at dei samla terrenginngrepa i kulturmiljøet vert så lite som mogleg. I brev dagsett 07.03.2023 vert saka send ut for ny uttale med utgangspunkt i tilleggsopplysningar om handtering av vatn m.m.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen sin arealdel er definert som LNF-SBE. Tiltaket ligg i omsynssone H570 bevaring for kulturmiljø og sone H710 som er bandleggingssone for regulering. Endringa frå tiltaket slik det vart skildra i brev dagsett 31.08.2022 og slik det er skildra i brev dagsett 07.03.2023, er i hovudsak storleik og teknisk utforming av betongbrua, samt ei utviding av elveløpet under brua. Parkeringsarealet er redusert i høve til opphøveleg forslag.

Utforminga av betongbrua, og bruken av naturstein langsmed elvekanten og i elvekanalbotnen har etter vår vurdering liten negativ verknad på kulturmiljøet. Tiltaket trygger området betre mot flaum. Flaumsikringstiltaka er grunngeve i omsyn til tryggleik og veg tungt i høve til kulturmiljøverdiar, noko som gjer eit større handlingsrom for tiltak innanfor omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø. Utforminga av desse er akseptable, slik det er skildra i revidert søknad.

I vår fråsegn dagsett 26.09.2022 skriv vi at reduksjon av parkeringsareal er eit viktig moment for å minimere negativ verknad på kulturmiljøet. Parkeringsareala er etter det vi forstår ikkje grunngeve i omsyn til tryggleik, og kan følgjeleg ikkje bli vekta på same måte i høve til kulturmiljøverdiar innanfor omsynssona. Eit utvida parkeringsareal reduserer det tradisjonelle kulturlandskapspreget i området og svekker verdiane knytt til kulturlandskapet ved å planere ut terreng og tilføre grått areal til området. Parkeringsareala bør minimum bli halvert, i sør-austleg retning, for å vere i tråd med verneføremåla i omsynssone H570. Sett bort i frå dette har vi ingen merknader til tiltaka.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.01.2023.

På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gnr.185 bnr.4 har i dokument datert 12.05.2023 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Vatn og avløp (VA)

Tiltak medfører ingen endring for vatn og avløp for eigedom.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltak medfører ingen endring for tilkomst og avkøyrsløp til eigedom. Det er søkt om utbetra parkeringsareal.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltak vert plassert i område som er utsett for flaum. Tiltak er retta mot å utbetre denne situasjonen, og redusere fare for flaum frå vassdrag mot eksisterande bustad.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Generelt om dispensasjon

Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag

Vurdering av omsynet

Omsynet bak byggegrense mot vassdrag er å hindre etablering av tiltak i nærleik til vassdraget. I det konkrete tilfellet er byggegrensa fastsett i kommunedelplan føresegn 2.6.1. På generelt grunnlag finn ein omsyna bak byggegrense mot vassdrag i pbl.§1-8. Det er her presisert at ein skal ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser langs sjø og vassdrag.

Spørsmålet er først om omsynet bak byggegrensa vert sett vesentleg til side som følgje av tiltak.

Det er informert i søknad og gjennom synfaring i sak, at tiltak er meint å sikre eksisterande bustad mot flaum frå vassdraget. Vidare er det behov for å etablere ny bru, som er naudsynt for tilkomst til eigedomen. Det er i den samanheng òg søkt om å utvide eksisterande parkeringsplass til eigedomen.

Tiltaka medfører i liten grad endring frå eksisterande situasjon. Kommunen kan ikkje sjå at tiltak vil medføre særlege ulemper for naturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Det er kome inn noko negativ uttale retta mot parkeringsplassen sin påverknad på kulturmiljø.

Kommunen vurderer at tiltak ikkje medfører at omsyn bak byggegrense i kommunedelplan vert sett vesentleg til side som følgje av dispensasjon.

Spørsmålet er vidare om fordelane med å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene.

Det er på det reine at flaumsikrande tiltak og etablering av ny bru er naudsynt for å sikre tilkomst til eigedom, samt for å sikre bustad mot flaum frå vassdrag. Dette er vurdert som ein stor fordel, ettersom dette er essensielt for å kunne nytte eksisterande hus til tenkt bruk.

Det er vidare i uttale påpeikt frå eksterne mynde at utviding av parkeringsareal ikkje er grunngjeve i omsyn til tryggleik, og kan følgjeleg ikkje bli likt vekta i høve til kulturmiljøverdiar innanfor den konkrete omsynssona. Det er her spesifikt presisert at parkeringsareal bør halverast i sør-austleg retning. Dette er grunngjeve i kulturomsyn, samt ut frå ønskje om å omdisponere minst mogeleg jord, jf. vurdering nedanfor angåande LNF.

Kommunen er samd i at det er sterke kulturverdiar i området. Kommunen ser jamvel ikkje at parkeringsarealet vil bryte ned desse verdiane i området. Parkeringsareal vil ha liten landskapspåverknad i omsøkt form. Det er ikkje vurdert at dette tiltaket vil rokke ved dei aktuelle kulturverdiane i området.

Det er vurdert at parkeringsareal vil medføre store fordelar for den aktuelle eigedomen, ved at det vert lagt til rette for parkeringsareal for eksisterande bustad. Det er vurdert at fordelane med å gje dispensasjon for tiltaka er klårt større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag er oppfylt.

Dispensasjon frå arealføremål LNF

Omsynet bak arealføremål LNF er at tiltak skal vere naudsynt for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Spørsmålet er først om omsynet bak arealføremål vert sett vesentleg til side som følgje av tiltak.

Det går fram av søknad at store delar av tiltak er for å flaumsikre eksisterande bustad, samt for å betre tilkomst og parkeringsareal for eksisterande bustad. Delar av parkeringsareal er jamvel plassert innanfor dyrka mark. Dette tiltaket krev løyve eller avklaring etter jordlova. Byggesak kan ikkje sjå at desse tiltaka i vesentleg grad sett arealføremål LNF til side, sjølv om delar av tiltak ligg i dyrka mark, ettersom tiltak ligg i tilknytning til eksisterande tun.

Spørsmålet er vidare om fordelane med tiltaket er klårt større enn ulempene.

Viser til vurdering av dispensasjon for byggegrense mot vassdrag. Det er her vist til at bru og flaumsikrande tiltak har som omsyn å sikre tilkomst, og er vidare tryggleikstiltak for å sikre bustad. Det er vurdert at desse fordelane er store, ettersom det er naudsynt tiltak for å sikre

eksisterande bruk av bustad. Kommunen ser heller ikkje at desse tiltaka vil ha negativ verknad på arealføremål LNF.

Det er parkeringsareal som er problematisert av ekstern mynde ved uttale, som vist til i dispensasjonsvurdering ovanfor.

Parkeringsareal er vist med storleik på 15 m x 10 m. Tiltak er til dels plassert innanfor dyrka mark. Eventuelle behov for omdisponering av jord etter jordlova er vurdert som negativt ut frå arealføremål LNF. Dette taler i mot å opne for etablering av eit parkeringsareal på denne storleiken.

Kommunen ser at det er behov for etablering av parkeringsareal for bustad. Som vist til i vurdering av dispensasjon frå byggegrense, er det vidare vurdert at sjølve parkeringsareal ikkje vil ha merkbar negativ verknad for kulturverdiar i omgjevnadane.

Det er vurdert at fordelane ved å gje dispensasjon for dei ulike tiltak er klårt større enn ulempene sett mot arealføremål LNF.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkår for å gje dispensasjon frå arealføremål LNF er oppfylt.

Plassering av tiltaket

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2.
- Krav om ansvarleg føretak er gitt i plan- og bygningslova § 20-3.
- Søknad om dispensasjon vert handsama etter plan- og bygningslova § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming følgjer av plan- og bygningslova § 21-7.
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Krav om tilgang til vatn og avlaup finn du i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Krav til tilkomst til offentleg veg finn du i plan- og bygningslova § 27-4.
- Tiltak skal ha visuelle kvalitetar i samsvar med plan- og bygningslova §§ 29-2.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.

- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. plan- og bygningslova § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter plan- og bygningslova § 31-2.
- Krav til tiltaksplan finn du i byggteknisk forskrift § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering finn du i byggteknisk forskrift § 9-7.
- Kommunens krav til handsaming av dispensasjonssøknadar finn du i plan- og bygningslova kapittel 19.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. plan- og bygningslova § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

De må søka om løyve til igangsetting

Ikkje noko arbeid kan settast i gang før det ligg føre løyve til igangsetting, jf. pbl § 21-421-4 tredje ledd. Det kan søkast om løyve til igangsetting for delar av tiltaket.

De må søka om mellombels bruksløyve eller ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket kan takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Det kan søkast mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/9592

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS
Sven Ivar Eknes

Buhaugen 6
Isdal 55

5911
5916

ALVERSUND
ISDALSTØ



Alversund Maskinstasjon AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Joachim Holmøyvik, 5764 3145

Løyve til utskifting av kulvert på gnr/bnr. 185/35 – Alversund kommune

Alversund Maskinstasjon AS får løyve til å skifte ut eksisterande terskel ved gnr/bnr. 185/35, i Alversund kommune. Løyvet er gjeve med heimel i § 2 i forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, og på vilkår.

Vi viser til søknad av 15. august, og tilbakemelding frå Statsforvaltaren av 21. mars 2023.

Bakgrunn

Alversund Maskinstasjon AS skal skifte ut eksisterande kulvert ved gnr/bnr. 185/35, i Alversund kommune. Steinhellene som er på kulverten/brua no har begynt å kollapse. Ny kulvert medfører at elveløpet vert noko breiare rundt brua. I tillegg skal det byggast ein snuplass på tiltakshavars grunn. Arbeidet medfører graving med gravemaskin i elva. Fjerning og påverknad på kantvegetasjon skal haldast til eit minimum. Arbeidet er planlagt gjennomført i september 2023. Tiltaket er avklart med grunneigar og andre sektormyndigheitar.

Relevant regelverk

Lakse- og innlandsfisklova

Føremålet med lova er å sikre at bestandar av laksefisk og deira leveområde blir forvalta i samsvar med naturmangfaldlova.

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag

Det er forbode å setje i verk tiltak i vassdrag som kan føre til fare for reduksjon av produksjonsmogelegheita for fisk eller andre ferskvassorganismar, eller tiltak som kan auke fangst av fisk på staden, eller forskyve fangst av fisk i vassdraget. Dersom det utførast tiltak i strid med forskrifta, kan statsforvaltaren krevje gjenoppretting av den naturlege tilstanden i vassdraget.

Vassressurslova § 11, kantvegetasjon

Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverker avrenning, og gir levestad for planter og dyr. Kantvegetasjon er viktig natur med mange funksjonar, og har difor eit særskild vern. For meir informasjon om



kantvegetasjon, sjå nettsak: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/kantvegetasjon-langs-vassdrag/>.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova gjev føringar til korleis statsforvaltaren utøver sin myndigheit. I tillegg skal prinsippa i §§ 8 til 12 om kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning, vere retningslinjer når statsforvaltaren tar avgjersler som kan få konsekvensar for naturmangfaldet.

Vår vurdering

Vi har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 omfattar informasjon frå søkjar, naturbase og artskart. Det er registrert ål (*Anguilla anguilla*) i Isdalsvatnet, som ligg nedstrøms tiltaket (artskart). Ål er raudlista og sterkt truga. Etablering av ny kulvert/bru og graving i elva vil truleg ikkje påverke eventuell ål i Isdalsvatnet. Elles er det ikkje registreringar av viktige, sårbare eller framande artar i det aktuelle området. Vi viser likevel til kravet om aktsemd, tiltaks- og varslingsplikt og krav om informasjon, ved handtering av framande artar, eller ved tiltak som kan føre til utilsikta spreiding, i § 18-20 i forskrift om framande organismar.

Elva er ikkje lakse- eller sjøaureførande, men likevel bør ny kulvert utformast slik at det vert enklare for brun aure å passere. [Sjå tiltakshandboka for betre fysisk vassmiljø side 57-58 om passerbare kulverter](#), og prinsipp i [DN Handbok 22-2002 Slipp fisken fram!](#) Ein bør heller ikkje ha for høgt fall når vassføring er moderat til høg (sjå tiltakshandboka og DN handbok), og det bør ikkje vere stor stein eller betong (store slette flater). Vi registrerer at elveløpet vert utvida ved brua, og at det vert større opningar mellom steinane i muren. Dette er positivt med tanke på skjul for ungfisk.

Tiltakshavar informerer om at fjerning av kantvegetasjon skal haldast til eit minimum. Kantvegetasjonen skal reetablerast når tiltaket er gjennomført. Moderne prinsipp for istandsetjing tilseier at stadeigen vegetasjon skal få reetablere seg naturleg. Eit viktig tiltak vil vere å ta vare på det øvre jordlaget med den naturlege frøbanken, og tilbakeføre dette slik at revegeteringa kan skje naturleg. Skal det i tillegg plantast, er det viktig det berre vert nytta lokalt naturlege førekommande artar av lauvtre og buskar ol. Vert det nytta tilført massar for reetablering av kantvegetasjonen, må desse vere reine, slik at ikkje framande uønskte artar som t.d. parkslirekne vert spreidd til nye område.

Arbeidet med kulvert og graving i elva skal ikkje føre til redusert miljøtilstand etter vassforskrifta. Vi viser elles til den generelle plikta til å unngå forureining, jf. § 7 i forureiningslova.

Vedtak

Med heimel i § 2 i forskrift om fysiske tiltak får Alversund Maskinstasjon AS løyve til å skifte ut eksisterande kulvert i elv nord for Isdalsvatnet, ved gnr/bnr. 185/35 i Alver kommune. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast før utgangen 2023.
2. Alt arbeid skal utførast så skånsamt som mogleg.
3. Dersom det er fare for å forureine vassdraget nedstrøms tiltaket, skal det straks setjast i verk avbøtande tiltak.
4. Uttaket av kantvegetasjon skal haldast på eit minimum.
5. Under arbeidet med tiltaket skal det takast omsyn til kantvegetasjon. Dersom kantvegetasjon tar skade som følge av tiltaket, skal det leggjast til rette for naturleg revegetering.



6. Utførende entreprenører skal være kjent med brosjyren om kantvegetasjon:
<https://www.flipsnack.com/a7flipbook/statsforvalteren-brosjyre-kantvegetasjon-langs-vassdrag.html>.
7. Fiskevandring gjennom kulvert skal sikrast.
8. Bilete av tiltaket skal sendast Statsforvaltaren innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.
9. Løyvet skal vere med ved utføring av tiltak.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltningslova. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjerd av Miljødirektoratet dersom Statsforvaltaren ikkje tar klaga til følge.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Alver kommune

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 4

0301 OSLO
5906 FREKHAUG



KOPI

Alversund Maskinstasjon As
Alvervegen 27
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/5195 - 23/53686

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Vedtak omdisponering etter jordlova § 9 gbnr 185/35

Administrativt Saknr: 691/23
vedtak
Tiltak:
Eigedom: Gbnr: 185/35
Tiltakshavar: A

Vedtak :

Alver kommune gjev løyve til omdisponering av om lag 20m² areal som søkt om på gnr. 185, bnr. 35 med heimel i jordlova § 9.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

Matjordlaget skal fjernast og takast vare på slik at det kan nyttast til å etablere vekstmedium i bakken/fyllinga sør for oppstillingsplassen.

Saka gjeld søknad om omdisponering av areal jordbruksareal på om lag 20m² til oppstillings-plass for bilar på gnr. 185, bnr. 35. Tiltaket kjem i stand etter at brua over elva har kollapsa. Vi legg dokument 23/35086 i sak 21/9592 til grunn som søknad. I dette brevet går det fram at det er gjeve rammeløyve til tiltaket, men der fylgjande skal liggje føre: «Dersom tiltak er avhengig av omdisponeringsløyve etter jordlova, må godkjend løyve liggje ved. Det må leggjast ved avklaring frå landbruksavdelinga av dette tilhøvet ved søknad om igangsetting.» Det er dette saka gjeld.

Planstatus/gardskart:

Status i kommuneplanen er at bruket ligg i LNF-område, men med omsynssone landbruk, friluftsliv og kultur.

Bruket har slik areal:

Fulldyrka jord	0,7 daa
Overflate dyrka jord	0,0 daa
Innmarksbeite	0,0 daa
Produktiv skog	1,0 daa
Anna markslag	0,3 daa
Bygningar med meir	0,8 daa

Sum

2,8 daa



Fig. 1. Den fulldyrka jord ligg plassert mellom tilkomstvegen til bruket, elva og naboeigedom slik den raude markeringa syner.

Vurdering

Arealet/areala er definert som fulldyrka jord. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om omdisponering etter jordlova §9.

Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal.

I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon frå 1.ledd i særlege høve der «det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Ordlyden «særlege høve» understrekar alvorret kring jordvernet, det vil sei å sikre matproduserande areal for framtidige generasjonar.

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal leggjast vekt på ved vurderinga: «ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gje. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon»

Arealet ligg klemt inne mellom elv, veg og annan eigedom, samt bustaden på bruket. Det vil ikkje kunne gje grunnlag for økonomisk forsvarleg jordbruksdrift i framtida.

Men matjorda har ein verdi. Den må difor takast vare på. Dette skal gjerast ved å grave vekk matjorda som vert dekt av tiltaket. Matjorda skal takast vare på og kan nyttast til å jordslå fyllinga som kjem sør for oppstillingsplassen (mot naboeigedom).

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga over har Alver kommune kome fram til at omsyna bak omdisponering (jordvernet) ikkje vert sett til side som fylgje av at det vert gjeve løyve til å omdisponere om lag 20m² fulldyrka jord.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/5195

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver Kommune
Alversund Maskinstasjon As

Postboks 4
Alvervegen 27


5906
5911
FREKHAUG
ALVERSUND

Mottakarakar:

Janne Kari Gjerde Eknes
Sven Ivar Eknes

Isdal 55
Isdal 55

5916
5916
Isdalstø
Isdalstø



TEGNFORKLARING

EKSISTERENDE VISNINGER I TEGNING

- Eksisterende veg
- Takflate eksisterende bebyggelse
- Elv/bekk

PLANLAGT UTFØRENDE ARBEID

- Betongbro
- Utvidelse av elv ved betongbro

EKSISTERENDE VISNINGER I TEGNING


- Teiggrense
- Høydekurve

PLANLAGT UTFØRENDE ARBEID

- Veg
- Parkering/snuplass
- Fyllingsskråning

Alversund Maskinstasjon A.S

Dato: 27.01.2023	Konstr./tegnet: MM	Godkjent:	Målestokk: 1:150	
ETRS89/UTM SONE 32N				
Plantegning Janne Kari og Sven Eknes Isdal 55				Erstattet av: 901
Henviisning:		Beregning:		



Erklæring om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven (pbl) § 23-3

Erklæringen gjelder							
Eiendom / byggested	Gnr.	Bnr.	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	185	35	0	0	176246596		Alver
	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Isdal 55				5916	ISDALSTØ	

Foretak		
Foretakets navn		Organisasjonsnr
ALVERSUND MASKINSTASJON AS		937664044
Adresse	Postnr	Poststed
Alvervegen 27	5911	ALVERSUND
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon
Ove Myking	91852501	91852501
E-post		
ove@alversund-maskinstasjon.no		
Foreligger sentral godkjenning ?		☒ Ja ☐ Nei
Hvis ja, dekkes ansvarsområdene av sentral godkjenning?		☒ Helt ☐ Delvis ☐ Nei

Ansvarsområde						
Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskriv arbeidet foretaket skal ha ansvar for	Tiltaks-klasse	Våre samsvarserklæringer/kontrollerklæringer vil foreligge ved: (sett X)			
			Søknad om ramme-tillatelse	Søknad om igangsettings-tillatelse/ett-trinns søknad	Søknad om midlertidig brukstillatelse	Søknad om ferdigattest
UTF	Veg, utearealer og landskapsutforming	1	☐	☐	☐	☒
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐
			☐	☐	☐	☐

Erklæring og underskrift	
Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger. Foretaket forplikter seg til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket jf. SAK10 kap. 10 og 11 ☐ Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl jf. SAK10 §12-3 ☐ Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen jf SAK10 § 12-4 ☐ Ansvarlig kontrollerende erklærer uavhengighet, jf. SAK10 § 14-1, og vil redegjøre for endringer som kan påvirke uavhengigheten jf. SAK10 §12-5	
Dato	Underskrift
12.09.2023	Ove Myking
Gjentas med blokkbokstaver Ove Myking	

Gjennomføringsplan

Versjonsnr.	Dato 12.09.2023	Signatur, ansv. søker Ove Myknes
-------------	--------------------	-------------------------------------

Eiendom / byggested	Gnr. 185	Bnr. 35	Festenr. 0	Seksj.nr. 0	Bygn.nr. 1762465	Kommune Alver	Adresse Irdal 55	Postnr. 5916	Poststed ISDALSTØ
---------------------	--------------------	-------------------	----------------------	-----------------------	----------------------------	-------------------------	----------------------------	------------------------	-----------------------------

[illegible]